



Bente og Birte varmar opp

To av dei flinke, unge songfuglane i Uskedalen opna Ungdommens Kulturmonstring dette året. Med ein vakker ballade henta frå ein film som heiter Raise your voice gjorde Birte Nybakk og Bente Yri Halvorsen eit sterkt inntrykk på publikum i Kulturhuset på Husnes i ettermiddag.

- Vi har fått berre positive tilbakemeldingar om Someone's watching over me.

På nokon gjorde songen så sterkt inntrykk at dei klarte ikkje å halda tårane tilbake, fortalde dei to jentene etterpå til uskedalen.no

14-åringen Bente har hatt eit vondt år fordi ho har mista mora si.

- Balladen er på sett og vis ein minnesong over henne, seier jenta som bur på Neset.

15 år gamle Birte har sunge offentleg mange gonger og no gler ho seg til å syngja saman med Bente fleire gonger. Det er eit ynskje som Bente i høgaste grad delar.

Denne gongen var UKM noko amputert samanlikna med dei monstringane vi har vore på i dei seinare åra. Det var berre 9 scenenummer. Likevel var det nok klokt av Kulturskulen å avvikla programmet som ein inspirasjon for mange flinke elevar. Det var også utstilling med 5 utstillarar.

Av Ola Matti Mathisen